

Årsmelding 2018

Tillitsverv i perioden

Styret

Leiar og kasserar Ole Bosnes
Nestleiar og hamnesjef Terje Edvardsen
Styremedlem Inge Bakke
Styremedlem Arne Hjertenes
Styremedlem Dagfinn Grøttå
Varamedlem Bjørn Erik Jensen

Revisorar

Bjørn Sigurd Berge
Ove Einar Hoddevik

Valnemnd

Geir-Ove Liseth
Atle Nøstdal

Aktivitetar

Styret

Styret har hatt 10 møter i årsmøteperioden, 8 møter i 2018 og to i januar 2019.

Arbeidsfordeling i styret

Inge Bakke vart vald som styremedlem for eit år. Det var underforstått at han og Ole Bosnes, som var kasserar i 2017, skulle skifte roller. Ole Bosnes ønskte likevel å fortsette å ha rekneskapen, medan Inge Bakke ville fortsette å drive heimesida, skrive møtereferat og administrere omsetning av båtplassane. Dagfinn Grøttå, husvert, har hatt ansvaret for tilsyn og utleige av klubbhuset, Arne Hjertenes for slippen medan Terje Edvardsen har hatt overordna tilsyn med hamna, inklusiv slipp og klubbhus. Terje Edvardsen har leia bygginga av klubbhuset og utført mesteparten av arbeidet der.

Medlemmane

Laget har 87 medlemmar. 82 medlemmar har betalt årleg medlemskontingent med totalt 164.000 kroner. Dei fem styremedlemmane har i samsvar med vedtektene vore fritekne for å betale medlemskontingent.

Omsetjing av plassar

Det er omsett 4 plassar.

Utleige av plassar

I samsvar med årsmøtevedtak i 2018, og noverande vedtekter, har styret drifta utleige av plassar som medlem ikkje brukar sjølve. Dei som til no har vore leigetakarar vart registrert av styret og blitt kravd for leige i samsvar med vedtektene. Utleigarane får oppgjør frå styret kvart år i desember. Ved årskiftet 2018/19 var 10 plassar utleigd.

Klubbhus

Bygginga av klubbhuset var leia av Terje Edvardsen. Byggestart var 8. mai 2017. Bygget med inventar var ferdig den 7. april 2018. Laget mottok ei rekke gåver og særskilte tilbod på ulikt inventar og utstyr, og framstår no som eit særskilt pent og velutstyrt bygg. Byggekostnaden vart 785.000 kroner. I tillegg kom ein dugnadsinnsats på ca. same verdi.

Klubbhuset vart innvia med taler, stormsuppe og stort oppmøte den 5. mai, eit år etter byggestart.

Tiltak i hamna

- Midtre fortøying på brygge B, mot brygge A er reparert.
- Det er lagt ut vatn til vatn-/el-poster på brygge A.
- Feste laus pongtong på brygge B.
- Vassmålar i boden ved brygge B erstatta.
- Nye lås til porten brygge B.

Tiltak som venter

- Slippvogna
- Ferdigstilling av hus for septiktank

Dugnader

60 medlemmar og ein leigetakar har delteke på dugnad i hamna og på klubbhuset i løpet av 2018.

27 medlemmar har kjøpt seg fri frå dugnad med eit samla beløp på 23.000 kroner.

Straum

8 medlemmar har betalt for straum med eit beløp på til saman 5.900 kroner.

Selje 28. januar 2019

Ole Bosnes	Terje Edvardsen	Inge Bakke	Arne Hjertenes	Dagfinn Grøttå
Leiar	Nestleiar	Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem